

Hausten 2025

Halvårsplan for Sunnylvn barnehage



KVA ER EIN HALVÅRSPLAN?

Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har. På bakgrunn av rammeplanen utarbeidar vi ein halvårsplan som skal spegle dei ulike fagområda frå Rammeplanen 2017. Dette gjer vi gjennom bruk av tema, mål og metodar. Når halvårsplanen er laga er det den vi tek utgangspunkt i når vi skriv vekeplanar.

KVA ER RAMMEPLANEN ?

Rammeplanen gir retningslinjer for verdigrunnlaget, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

Målet med rammeplanen er å gi styraren, dei pedagogiske leiarane og personalet elles ei forplikta ramme for å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til barnehagen. For å lette planlegginga av eit variert og allsidig pedagogisk barnehagetilbod er innhaldet delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforsking og læring.

Fagområda er i rammeplan er:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn



	TEMA
August/ September	Kommunikasjon, språk og tekst
Oktober	Natur, miljø og teknologi Naudetatane
November	Kunst, kultur og kreativitet
Desember	Etikk, religion og filosofi Jul
Januar	Mengde, rom og form

Tema:

Kommunikasjon, språk og tekst

August og September

Gjennom arbeidet med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle si språkforståing, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Dei skal møte ulike former for språk, som td rim, regler, song og ulike tekstar. Barnehagen skal bidra til leik med språk, tekst og symbola, samt stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling.

			Begynne med førskule	Lære og kunne gjenfortelje ei ny historie / eventyr	Lære og kunne gjenfortelje ei ny historie / eventyr
			Bli kjent med nye tekster	Bli kjent med nye tekster	Bli kjent med nye tekster
			Øve på å vente på tur i kommunikasjon med andre barn og vaksne	Øve på å vente på tur i kommunikasjon med andre barn og vaksne	Øve på å vente på tur i kommunikasjon med andre barn og vaksne
			Bli trygg nok i barnegruppa til å kunne utrykke egne ønsker og behov	Bli trygg nok i barnegruppa til å kunne utrykke egne ønsker og behov	Bli trygg nok i barnegruppa til å kunne utrykke egne ønsker og behov
			Bli trygg nok i barnegruppa til å kunne utrykke egne ønsker og behov	Bli trygg nok i barnegruppa til å kunne utrykke egne ønsker og behov	Bli trygg nok i barnegruppa til å kunne utrykke egne ønsker og behov
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metodar

- Hjelp barna å finne seg til rette i barnegruppa
- Hjelp barna å skape/ holde ved like vennskap
- Lære barna å innrette seg etter regler og rutinar
- Gi barna rom for å utrykke sine behov og ønsker
- Leik med språk, song og musikk
- Førskule
- Munnmotoriske øvingar
- Rim og regler
- ASK (bildestøtte)
- Språkgrupper
- Eventyr og høgtlesing

Tema:

Natur, miljø og teknologi

Oktober

Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for lek og læring.

					Bygge naturleikeplass ved tunneltreet
			Delta på Turbostråkk	Delta på Turbostråkk	
			Lære seg nummer til dei ulike nødetatane	Lære seg nummer til dei ulike nødetatane	Lære seg nummer til dei ulike nødetatane
		Bli kjent med Vilje, Bjørnis og Tarkus	Bli kjent med Vilje, Bjørnis og Tarkus	Bli kjent med Vilje, Bjørnis og Tarkus	Bli kjent med Vilje, Bjørnis og Tarkus
	Utforske nærområdet	Utforske nærområdet	Utforske nærområdet	Utforske nærområdet	Utforske nærområdet
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metodar

- Turbostråkk
- Nødetatane (brannøving, besøk av dei ulike nødetatane)
- Turar i nærmiljøet
- Leik i gapahuken og nedeområdet i barnehagen
- Bruk av utstyr som kikkert, forstørrelsesglass, mikroskop
- Bruk av bøker knytt til dyr, insekt og trær
- Bruke naturmaterieill i formingsaktiviteter
- Leik med naturmateriale i skogen
- Gardsbesøk

Tema: Kunst, kultur og kreativitet

November

Opplevelingar med kunst og kultur i barnehagens skal leggje grunnlaget for tilhøyrslø, deltaking og eige skapande arbeid. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. I dette fagområdet ligg uttrykksformer som bildekunst, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Barnehagen skal legge til rette for samhoøyrslø og kreativitet, og saman skal barna få oppleve og skape kulturelle og kunstnariske uttrykk.

						Dramatisere ei forteljing til dei andre barna
				Lage sitt eige instrument	Skape sitt eige kunstverk av «søppel»	Skape sitt eige kunstverk av «søppel»
		Tørre å bruke kroppen i dans og musikk	Tørre å bruke kroppen i dans og musikk	Lage sitt eige instrument	Lage sitt eige instrument	Lage sitt eige instrument
				Tørre å bruke kroppen i dans og musikk	Tørre å bruke kroppen i dans og musikk	Tørre å bruke kroppen i dans og musikk
	Måle på ulike materiell	Måle på ulike materiell	Måle på ulike materiell	Måle på ulike materiell	Måle på ulike materiell	Måle på ulike materiell
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år	

Metodar

- Lage steintroll
- Bruk av ulike materiell og teknikkar i formingsaktiviteter
- Dans og musikk, bruk av instrument
- Dramatisering
- Lage forestillinger for kvarandre
- Lage julegåver og julepynt

Tema:

Etikk, religion og filosofi

Desember

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måter å oppfatte verda og menneske på og pregar verdiar, normer og haldningar. Barnehagen skal gje barne kjennskap til grunnleggande verdiar i kristen og humanetisk arv og tradisjon, vi skal undre og utforske eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål.

Barnehagen skal gje barna kjennskap til, forstå og reflektere over grunnleggande normer og verdiar.

					Dramatisere juleevangeliet
			Kunne fortelje juleevangeliet ved hjelp av konkretar	Kunne fortelje juleevangeliet ved hjelp av konkretar	Kunne fortelje juleevangeliet ved hjelp av konkretar
			Gå Luciatog, dør til dør på Reset	Gå Luciatog, dør til dør på Reset	Gå Luciatog, dør til dør på Reset
		Bli kjent med juleevangeliet	Bli kjent med juleevangeliet	Bli kjent med juleevangeliet	Bli kjent med juleevangeliet
	Få kjennskap til norske juletradisjonar	Få kjennskap til norske juletradisjonar	Få kjennskap til norske juletradisjonar	Få kjennskap til norske juletradisjonar	Få kjennskap til norske juletradisjonar
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metodar

- Lære om den kristne julehøgtida
- Kyrkjebesøk
- Forteljingar, songar og historie knytt til julehøgtida
- Nissefest og Luciafest
- Lage julegåver og julepynt
- Foreldrefrukost

Tema:

Mengde, rom og form

Januar

Dette fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og legge til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet.

Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tall, telling og måling. Det handlar også om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysingar.

					Lære samanheng mellom prikkar og antal på ein terning
			Klare å kategorisere ulike gjenstandar i grupper	Klare å kategorisere ulike gjenstandar i grupper	
		Lære omgrep knytt til ulike former	Lære omgrep knytt til ulike former	Lære omgrep knytt til ulike former	
	Begynnande forståing av talrekka 1-2-3	Begynnande forståing av talrekka 1-2-3	Begynnande forståing av talrekka 1-2-3	Begynnande forståing av talrekka 1-2-3	Begynnande forståing av talrekka 1-2-3
Alder	1-2 år	2-3 år	3-4 år	4-5 år	5-6 år

Metodar

- Eksperiment
- Måle, vege, samanlikne ulike gjenstandar
- Lære ulike former
- Klippe og lime
- Sortering
- Spele spel



Turbotråkk;

I år skal vi delta på DNT's turdag for barnehager – TURBOTRÅKK. Dette er en dag då DNT legg til rette for en aktiv turdag for alle barnehager i Norge. Vi får tilsendt diverse materiell, og vi bestemmer sjølve kvar og kven som skal delta. Vår plan er å ta med dei to eldste gruppene til Gapahuken, medan dei yngre barna møter oss på tur tilbake og vi har eit felles måltid ute i naturen.

Les gjerne meir om Turbostråkk her; <https://www.dnt.no/aktiviteter/arrangementer/turbotrakk/>

Språk / ASK;

Kvardagen i barnehagen byr på mange mogelegheiter for kommunikasjon og bruk av språklege forsterkingar. Forsterkingar kan være å peike på det vi snakkar om, bilder, konkretar eller bruk av bilder. Små barn treng repetisjon og gjentaking. Det er viktig at vi nyttar språket vårt til å benemne det vi snakkar om. Td, «kan du sende meg prim?», og ikkje berre peike på den og seie «kan du sende den?».

Vi nyttar oss av ASK (alternativ supplerande kommunikasjon) gjennom sneller med bilete, dekkebrikker, plakatar som heng rundt omkring, samt at vi nyttar konkretar i historiefortellingar.

Alle vaksne, både i barnehagen og heime, er språkmodellar for barna. Det er difor viktig at vi tenkjer over vår eigen språkbruk i møte med barna og kvarandre. Val av ord, omgrep, tonefall og stemmeleie må tilpassast kvar einskild situasjon.

Aktivitetar som styrker barns språkutvikling:

- Gode samtalar
- Rim og regler, dikt, song, dans og musikk
- Forteljing , høgtlesing og dialogisk lesing
- Leik
- Utforsking av skriftspråket

Språkmiljø :

Språkmiljøet i barnehagen er avhengig av eit kompetent personale, med gode haldningar og som har interesse for språkutvikling til kvart einskild barn.

Kva kjenneteiknar eit godt språkmiljø?

- Å lytte med merksemd og interesse
- Invitere barna med i samtale med opne spørsmål
- Oppmuntre barna til å delta og lytte til andre under lesestund
- Ha bilete/symbol lett tilgjengeleg på avdelinga, og i løpet av barnehage kvardagen.

Livsgledebarnehage

Vi har i mange år vore ein livsgledebarnehage. Dette vil vi fortsette med på den måten at vi legg opp til møter mellom generasjonar der vi kan glede kvarandre. Dette kan vere besøk på Omsorgssenteret inne eller ute, ha besøk av eldre i barnehagen, møte eldre på andre arena og gjere ting saman, og oppleve at vi er betydningsfulle og til glede for kvarandre. Stoppe med pensjonistar når vi er ute på tur, ringe på å seie hei.

Leik;

«Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov» (Rammeplanen 2017 s. 22-23).

Ulike typar leik:

- Sansemotorisk leik/ funksjonsleik, frå 0 år.
- Rørsleleik / tumleleik, frå ca. 1 år.
- Samleik / parallelleik, frå ca. 1,5 år.
- Symbolleik, frå ca. 2 år - 4 år. Regelleik, frå ca. 3 år
- Rolleleik, frå ca. 3 år.
- Fantasileik
- Konstruksjonsleik, frå ca. 3 år.

Vennskap og fellesskap;


«Barnehagen skal fremje vennskap og fellesskap. Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov» (Rammeplanen 2017 s. 22-23).

I barnehagen skal barna få oppleve og vere ein del av eit fellesskap, der fokuset er på å danne vennskap og gode sosiale relasjonar. Vi i barnehagen er opptatt av å sjå kvar enkelt, å bidra til at barna får ei forståing av kva det vil seie å vere ein god venn. Vi skal legge til rette for at dei lære seg å akseptere kvarandre, vise empati og gi dei ei forståing for at alle er forskjellige, men like viktige.





MATJUNGELN



- Året rundt

Matjungelen er eit aktivitetsprogram for barnehagen, der barn kan utforske ein jungel av mat og oppleve matglede i fellesskap. Barna kan leike og lære om mat som er bra for kroppen og kloden.

I Matjungelen kan barn og personale utforske 5 tema:

- Naturens ressursar
- Måltidsglede
- Matkultur
- Matmot
- Matlaging



Naturen sine ressursar kan bidra til at barna får ei forståing for korleis ein kan vere med på å ta vare på naturen. Dyrking, sanking og hausting kan vere aktivitetar for å få kjennskap til naturen sine ressursar. Saman med barna kan ein undre seg og få erfaring med kvar maten vi et kjem ifrå.

Måltidsglede kan handle atmosfæren i barnehagen. Rundt eit måltid kan ein ha plass til gode samtalar, undring og forteljingar. Måltidsglede kan også handle om tilhøyrgigheit til fellesskapet, gode smaksopplevingar, og eit godt og variert kosthald.

Matkultur handlar alle dei kulturelle og tradisjonelle aspekta som er knytt til mat og måltid. Det handlar om korleis vi et, kor vi et, med kven og når vi et. Mat er sterkt knytt til identitet, religion og livssyn. Gjennom mat – og måltidsaktivitetar kan barna utvikle interesse, respekt og forståelse for likheiter og ulikheiter som finst i eit fellesskap.

Matmot handlar om å hjelpe barna med å verte nysgjerrige på maten. Det viktig at ein har eit positivt fokus på eksperimentering og utforsking av mat. Barna kan få tid til å smake, lukte og kjenne på maten, som kan bidra til utvikle gode matvanar og eit variert kosthald.

Gjennom **matlaging** kan barna utforske, meistre og erfare korleis vi lagar mat. Sannsynlegheita for at barna vil smake på ny mat, er større om dei har vore med å lage maten. Når barna får oppleve at matlaging er kjekt, kan det skape meir matglede og matkompetanse.

Desse fem tema går alle i kvarandre, og er alle ting som skjer i kvardagslivet i barnehagen. Dette barnehageåret skal vi ha ekstra fokus på desse, og knytte Matjungelen opp mot dei andre tema vi skal ha om. Gjennom å ha fokus på Matjungelen, kan ein også styrke barna sitt språkmiljø og auke begrepsforståinga, ved å setje ord på mat, smakar, konsistens, formar, fargar som omgir barna under måltid, både heime og i barnehagen.

For meir informasjon og tips til aktivitetar og matoppskrifter: www.matjungelen.no

